

Søknad om fråvik

Del 2 – handsamingsdel – saker delegert fråviksnemnda

Fråvik 70/2026, Fv. 5662 Værlandet ferjekai, kantstopp

Dato: 02.03.2026 Saksnummer: 2025/1183 Løpenr: 38				
Fråviknemnda si grunngjeving for vedtak eller tilråding:	Godkjent	Ikkje godkjent	Tilrådd	Ikkje tilrådd
<p>Vedtak: Fråviksgruppa godkjenner fråvik frå N100 krav 4.3.3.1-1.</p> <p>Søknad om fråvik frå: Det vert søkt fråvik frå krav 4.3.3.1-1 i vegnormal N100. Fråviket gjeld utforming av kantstopp for buss.</p> <p>Prosjektet ynskjer å etablere ei stadstilpassa kantstoppløysing i ein blindveg, og viser til løysing av haldeplass i kombinasjon med snuplass i V123. Det er vist at etablering av ordinær busslomme vil gi større inngrep i sårbart terreng, kome i konflikt med registrert kulturminne, og skape uheldige trafikale tilhøve i eit område med låg trafikk og funksjon som endehaldeplass i blindveg.</p> <p>Fråviksgruppa si grunngjeving: Fråviksgruppa vurderer at søknaden om stadstilpassa kantstoppløysing er godt grunngjeven.</p> <p>Den valde løysinga gir betre trafikkflyt, betre oversikt for trafikantar, og mindre negative konsekvensar for miljø, estetikk og kulturminne. Fråviksgruppa vurderer at føremålet med kravet vert ivareteke trass i fråviket, og at løysinga er meir tenleg enn standardløysing.</p>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Vidare saksgang¹:				
Sendast til Hovudutval for samferdsel og mobilitet for endeleg avgjerd ² <input type="checkbox"/>	Sendast til avdelingsdirektøren INV for endeleg avgjerd. <input type="checkbox"/>	Retur til søker <input checked="" type="checkbox"/>	Sendast VD <input type="checkbox"/>	

Fråvik 71/2026, Fv. 5662 Værlandet ferjekai, sikring mot bølgeerosjon

Dato: 02.03.2026 Saksnummer: 2025/1183 Løpenr: 38				
Fråviknemnda si grunngjeving for vedtak eller tilråding:	Godkjent	Ikkje godkjent	Tilrådd	Ikkje tilrådd
<p>Vedtak: Fråviksgruppa godkjenner fråvik frå N200, krav 1.14.2.1-2, med atterhald om at avbøtande tiltak nemnt i fråviksgruppa si grunngjeving vert gjennomført.</p> <p>Søknad om fråvik frå: Det vert søkt fråvik frå krav 1.14.2.1-2 i vegnormal N200.</p> <p>Fråviket gjeld dimensjonerande høgvatn, og blir oppgitt å vera 2,6 m for Værlandet.</p> <p>Det vert vist til at dette kravet ikkje samsvarar med det som står i V431 Ferjekai, Prosjektering. I V431 tabell 2.3-1 skal kaien ligge på kote +2,3 meter. Det vert difor peika på at det er motstrid mellom kravet til minimum veghøgde frå N200, i høve til kravet som er sett til kotehøgde for landkar og tilleggs kai i V431.</p> <p>V431 er ein rettleiar, og stiller ikkje krav på same måte som ein vegnormal. I dette tilfellet er det N400 som stiller krav til utforming av ferjekai, og i krav 4.8.1-5 vert det stilt krav til at kotehøgde skal bereknast i samsvar med V431.</p> <p>Prosjektet ber om fråviksgruppa si vurdering av at det er motstridande krav knytt til erosjonssikring og høgde på ferjekai.</p> <p>Fråviksgruppa si grunngjeving: Fråviksgruppa er samde i at prosjektet sitt hovudmål er ny ferjekai, og at denne i stor grad bør vera premissgivande for løysingane/høgdene i området. Å få ein optimal kai med omsyn til ferjene og vêrtilhøva vil vera det viktigaste å ta omsyn til, i tillegg til tilpassingar til nærliggande bygningar ol.</p> <p>Me ser at det blir argumentert godt for at kaien bør ligge på +2,3 m, slik som tilrådd i V431. Dette er ei generell anbefaling for vestlandet, og skal nyttast dersom ikkje anna vert berekna ut frå spesifikke fartøy.</p> <p>Fråviksgruppa godkjenner difor fråvik frå krav til dimensjonerande høgvatn for vegstrekninga som koplar eksisterande veg til ny kai. Det vert teke atterhald om at avbøtande tiltak vert gjennomført for sikring mot høge bølger, sikring mot erosjonsskader, og god avrenning dersom bølger slår inn på kaiområdet. Det må også gjerast ekstra vurderingar av høgder og plassering av tekniske anlegg i samband med kaien.</p>	☒	☐	☐	☐

Vidare saksgang¹:			
Sendast til Hovudutval for samferdsel og mobilitet for endeleg avgjerd ² <input type="checkbox"/>	Sendast til avdelingsdirekt øren INV for endeleg avgjerd. <input type="checkbox"/>	Retur til søker <input checked="" type="checkbox"/>	Sendast VD <input type="checkbox"/>

Fråvik 72/2026, Fv. 5662 Værlandet ferjekai, dimensjonerande sjøtilstand

Dato: 02.03.2026 Saksnummer: 2025/1183 Løpenr: 38				
Fråviknemnda si grunngjeving for vedtak eller tilråding:	Godkjent	Ikkje godkjent	Tilrådd	Ikkje tilrådd
<p>Vedtak: Fråviksgruppa godkjenner fråvik frå N100, krav 3.2-5.</p> <p>Søknad om fråvik frå: Det vert søkt fråvik frå krav 3.2-5 i vegnormal N100.</p> <p>Det vert søkt fråvik frå kravet om at kystveg skal liggje minst 0,5 m over dimensjonerande sjøtilstand, basert på 200-års stormflo, havnivåstiging mot 2100 og bølgepåkjenning. Dette gir ei høgde på + 3,1 m for Værlandet. Dette er 0,8 m over planlagt kotehøgde for overkant landkar og tilleggs kai. Prosjektet ynskjer å legge til grunn tilrådd høgde i rettleiar V431, som gir kotehøgde +2,3.</p> <p>Fråviksgruppa si grunngjeving: Fråviksgruppa vurderer at det krev for store endringar, og gir for store negative konsekvensar for kai og kaiområde å skulle følgje kravet. Hovudmålet med prosjektet er å etablere ein ny kai, og denne vert premissgjevande for tilpassinga mot eksisterande infrastruktur. Det vert difor vurdert til at ein kan fråvike kravet om å heve vegen ytterlegare 0,5 m over kravet til bølgeerosjon.</p>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Vidare saksgang¹:				
Sendast til Hovudutval for samferdsel og mobilitet for endeleg avgjerd ² <input type="checkbox"/>	Sendast til avdelingsdirekt øren INV for endeleg avgjerd. <input type="checkbox"/>	Retur til søker <input checked="" type="checkbox"/>	Sendast VD <input type="checkbox"/>	